



PROGRAM FOR SPRÅK I SKULEN

Vedteke på landsmøtet i Norsk Målungdom 15.–17. mars 2013. Brigda på landsmøtet i Norsk Målungdom 21.–23. mars 2014, 1.–3. april 2016.

1 Innleiing

I Noreg har vi eit rikt språkmangfald. I tillegg til dei offisielt jamstilte skriftspråka nynorsk og bokmål, har vi eit knippe nasjonale minoritetsspråk, eit stort tilfang av ulike dialektar, norsk teiknspråk og mange nye minoritetsspråk frå ulike hjørne av verda. Norsk Målungdom (NMU) meiner dette mangfaldet er eit uvurderleg gode, som det er særskilt viktig å ta vare på. Vi må dra nytte av fordelane som språkmangfaldet vårt gjev. Difor må skulen syte for god opplæring i både nynorsk og bokmål, i tillegg til at elevane må få visse kunnskapar om norske dialektar, samisk, nasjonale minoritetsspråk og nordiske sisterspråk. Det er viktig at elevane forstår kvifor dei lærer det dei lærer, og at dei ser verdien av språkmangfald og fleirspråkskunne. Undervisninga bør bygge opp gode haldningar til språk hos elevane. Skulen må vere ein sterk bidragsytar for å få plass ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål.

2 Norskfaget

Vi ynskjer eit norskfag der kulturforståing, språkkunnskapar og danning står sentralt. Det mest grunnleggjande målet med norskfaget må vere å lære elevane å kunne lese og skrive på nynorsk og bokmål. Det er viktig at eleven har eit medvite og reflektert forhold til si eiga rolle som brukar av munnleg og skriftleg språk i ulike situasjonar og på ulike samfunnsarenaer. Formidlinga av faget må vere levande og engasjerande.

2.1 Språkhistorie

NMU vil gå inn for at elevane får møte historia om nynorsk og bokmål tidleg, slik at dei får eit medvite forhold til språket. Det trengst ei tydeleg prioritering av måldebatten frå 1800-talet og fram til i dag. Eit viktig føremål med språkhistorieopplæringa er å bruke presis og sannferdig faktakunnskap til å førebyggje mytespreiing – til dømes i spørsmål om kvar Ivar Aasen faktisk reiste, eller korleis utviklinga av nynorsk og bokmål har vore dei siste seksti åra. Eit anna mål må vere å vise elevane korleis språkspørsmål generelt og målstriden spesielt er aktuell i vår tid.

2.2 Munnleg

NMU ser den munnlege disiplinen som særskilt dannande. Vi meiner det er av stor verdi at elevar vert taleføre og flinke til å ordlegge seg, kan halde talar og delta i debattar. Elevar må vere trygge på å uttrykkje eigne meningar og opplevingar. Dette er viktige ferdigheiter for å kunne delta i demokratiet. Det er også viktig å bygge opp språkleg sjølvtiltillit til å bruke eigen dialekt og setje pris på dialektmangfaldet i Noreg.

2.3 Norsk for yrkesfaglege utdanningsprogram

I eit yrkesfagleg utdanningsløp er det opplagt at rammene for allmennteoretiske fag vil vere snauare enn på studiespesialiserande utdanningsløp. Det legg visse avgrensingar for kor omfattande også norskfaget kan vere. Ei overordna føring bør likevel vere at norskfaget skal vere dannande, også på yrkesfag. Likeins vil vi peike på at så lenge yrkesfaglege utdanningsløp også dannar grunnlag for studiekompetanse etter eit påbyggingsår, gjer vi ikkje nødvendigvis elevane ei teneste ved å sleppe taket på sidemålet heilt fram til påbygginga.

2.4 Nynorsk som hovudmål

Nynorskelever var i ein annan situasjon enn bokmålselevane. Medan bokmålselevane har høve til å sjå hovudmålet sitt elles i samfunnet, ser nynorskelever ofte særskilt lite av språket sitt i bruk. Skulen er ein av få stadar ein kan styre kva språk elevane ser, og difor er skulen ein særleg viktig arena for å sikre at nynorskelevane får sjå tilstrekkeleg mykje av hovudmålet sitt.

2.4.1 Stogg språkskiftet

Norsk Målungdom meiner at nynorskelevane må ha visse ekstra språklege rettar i kraft av å vere i mindretal. Mange nynorskelever byter språk til bokmål når dei kjem i mindretal. Dette skjer til dømes når dei kjem frå ein ungdomsskule der dei fleste brukar nynorsk, til ein vidaregåande skule der fleirtalet nyttar bokmål. I område der nynorskbrukarane kjem i mindretal på ungdomsskulen, tek språkskiftet til alt då.

Språkskiftet har mange og komplekse grunnar. Ein av grunnane er at nynorskelever på mange skular i randsonene ikkje får sjå språket sitt som undervisningsspråk utover sidemålsundervisninga til medelelevane sine. Mykje av løysinga ligg

55 difor i at nynorsk må brukast meir i andre fag enn norsk, og at skulane uttrykker tydleg til elevane at dei vil at fleire skal
56 halde på nynorsken.

57
58 Dei vidaregåande skulane og ungdomsskulane bør difor oppmode nynorskelevane til å halde på nynorsken. Det bør
59 vere eit tilbod om ekstra kurs i nynorsk for lærar som treng hjelp til å undervise på og i språket. Skulane bør vite kva som
60 er hovudmålet til elevane ved skulestart, slik at dei er sikra å få lærebøker på rett språk. Dessutan bør nynorsken vere
61 synleg i skilting og i administrasjonen på skular i område med nynorskelevar.

62
63 2.4.2 Språkdelte ungdomsskule

64 Den såkalla «Odda-modellen» med språkdelte klassar også på ungdomsskulen bør verte ei nasjonal ordning i
65 kommunar med både nynorsk- og bokmålselevar. Staten bør stø kommunane dette gjeld for å dekkje ekstrakostnadene
66 dette fører med seg.

67
68 2.5 Sidemål

69 NMU meiner at det må vere like kompetanseområde i hovudmål og sidemål. Norsk inneber både nynorsk og bokmål, difor
70 tykkjer vi det vert feil å redusere sidemålsundervisninga til berre grammatikk og språkhistorie. Sidemålsundervisning
71 må implementerast på alle område i norskfaget, særskilt der bokmålet dominerer, t.d. i samansette tekstar.
72 Sidemålsopplæringa må vere obligatorisk.

73
74 2.5.1 Tidleg start

75 NMU meiner sidemålopsplæringa må byrje tidleg på barneskulen, medan evna til å lære språk er størst, før fordømene
76 mot språk har bygt seg opp. Dette må innebere både lesing og skriving på sidemålet.

77
78 2.5.2 Sidemålsundervisning i fleire fag

79 NMU går inn for å innføre sidemålopsplæring i fleire fag enn norsk. Fleire forsøk over heile landet har vist at å ha
80 lærermiddel på sidemål i eit eller fleire fellesfag styrker sidemålskompetansen og gjev betre haldningar til sidemålet,
81 utan å gå ut over læringer i faget. Dette bør vere fast ordning på ungdomstrinnet og vidaregåande.

82
83 2.6 Vurdering og eksamen i norskfaget

84 NMU meiner at det bør vere tre karakterar i norskfaget. Det er viktig å ha skriftleg karaktervurdering i hovudmål og
85 sidemål for å kunne dokumentere kompetansen, og for å sikre at det vert sett av nok tid og ressursar til naudsynt
86 undervisning. Etter 10. trinn bør skriftleg eksamen vere todagars trekkeksamen. Når det kjem til VG3, bør det vere
87 obligatorisk todagars skriftleg eksamen i nynorsk og bokmål.

88
89 2.6.1 Ekstra tilleggsspoeng for elevar som har nynorsk som hovudmål

90 NMU er imot å gje eit ekstra tilleggsspoeng for dei som vel å ha nynorsk som hovudmål i den vidaregåande opplæringa.
91 Denne ordninga kan misbrukast og vil neppe føre til at fleire held på nynorsken etter endt utdanning. Ein elev kan ha
92 nynorsk som hovudmål på papiret, men ha bokmålsbøker og skrive bokmål ved alle høve. Det er òg mogleg for eleven å
93 skifte hovudmål til nynorsk rett før eksamen og få ekstrapoengen. Språkkompetansen i hovud- og sidemål bør i
94 prinsippet vere lik, difor bør heller ikkje elevar med nynorsk som hovudmål premierast for denne særskilde
95 språkkompetansen.

96
97 2.7 Lærarutdanninga

98 For å sikre god opplæring i både nynorsk og bokmål, attpå gode haldningar til nynorsken hjå lærarar og elevar, er ein
99 avhengig av ei god lærarutdanning. Språkleg trygge lærarar er nøkkelen til å skape språkleg trygge elevar med gode
100 haldningar til norsk språk. Alle lærarstudentar bør difor få ei grundig innføring i nynorsk og verte prøvde i både nynorsk
101 og bokmål gjennom utdanninga. I tillegg må alle norsklærarstudentar og ferdig utdanna norsklærarar få tilbod om
102 opplæring i sidemålsdidaktikk. Av Kunnskapsløftet fylgjer det at språkleg vurdering skal vere ein del av
103 karaktergrunnlaget i alle fag. Alle lærarar er difor språklærarar som treng god kompetanse i både dei norske skriftspråka.

104
105 2.8 Forsking på norskfaget

106 Ein skule som skal formidle kunnskap, bør også byggje på kunnskap. NMU meiner difor at empirisk kunnskap i størst
107 mogleg grad bør ligge til grunn når ein utarbeider det faglege rammeverket for skulen. NMU stør difor metodologisk
108 forsvarleg forsking som ikkje går ut over læringsutbytet til elevane som deltek i eventuelle forsøk. Særleg stør NMU
109 positive sidemålsforsøk.

110
111 Elektroniske eksamensvar gjer det mogleg å samle alle avgangseksamnar til ein søkbar tekstdatabase – eit korpus.

112 Med eit slikt korpus vert det enklare å finne ut kva norske elevar kan verte betre på, både ortografisk og tekstleg, og vil
113 vere eit viktig supplement når ein skal utarbeide det faglege rammeverket for skulen.

114
115 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) må løvvast tilstrekkelege ressursar til å drive fram og
116 formidle god forsking på området.

117 **3 Teiknspråk**

118 NMU anerkjenner norsk teiknspråk som ein del av det norske språkmangfaldet. Skulen må gje alle kjennskap til norsk
119 teiknspråks kultur, identitet og historie. Det bør vere eit langsiktig mål at elevane får opplæring i grunnleggjande bruk av
120 teiknspråk.

121
122
123 **4 Samisk, nasjonale minoritetsspråk og nordiske sisterspråk**
124 Dei samiske urfolksspråka er offisielt jamstilte med norsk språk i det samiske forvaltningsområdet, medan kvensk,
125 romani og romanes har status som nasjonale minoritetsspråk. Alle desse språka er – i tillegg til å vere avgjerande
126 kulturberarar for kvar sine minoritetar – ein viktig del av det språklege mangfaldet i Noreg, jamvel om mange manglar
127 kunnskap og medvit om det. Difor bør alle få ei viss innføring i og om desse språka. Likeins bør elevane lære om dei
128 nordiske sisterspråka – svensk, dansk, færøysk og islandsk. Som eit slags språkleg og geografisk midtpunkt for det
129 nordiske dialektkontinuumet, har vi gode føresetnader for grannespråksforståing, og det bør vi gjere oss nytte av.
130

131 **5 Framandspråk**

132 Barn har stor kapasitet til å lære språk, og det å gjøre ungane språkmektige er å gje dei betre føresetnader for å utfalde
133 seg seinare i livet. Vi stiller oss difor positive til forsøk med tidlegare framandspråksopplæring. Vi lyt også hugse at den
134 samla språkkunnskapen er ein ressurs for samfunnet, og at det difor også kan vere ein fordel om elevar i Noreg får lære
135 ulike framandspråk. På standardlista over kva framandspråk elevar kan velje mellom, kan tysk, fransk og spansk difor
136 gjerne få selskap av språk frå andre verdsdelar. NMU legg til grunn at dette kjem i tillegg til engelsk.

137
138
139 **6 Språklege rettar i skulen**
140 NMU legg til grunn at alle elevar skal ha rett til lærermiddel på eige hovudmål. Eventuelle unnatak frå regelen bør berre
141 skje der enkelte lærermiddel på elevane sitt sidemål er tenleg for at dei skal verte tilstrekkeleg eksponerte for det. Elles
142 lyt retten gjelde alle elevar, uansett kor små elevkull faga deira har, uavhengig av om skulen er offentleg eller privat ått.
143 Retten bør også utvidast til å omfatte anna undervisningsmateriell, prøver, skriftleg tilfang frå skulen og digitale
144 læringsressursar.

145
146 Retten elevar har til å sjå hovudmålet sitt som undervisningsspråk dei sju første åra av grunnskulen bør utvidast til å
147 gjelde alle til åra av grunnskulen. Dessutan bør nynorskelevar i kraft av å vere mindretal nasjonalt ha ein særleg rett til å
148 ha minimum 25 prosent av undervisninga si på nynorsk på vidaregående, både på yrkesretta og studiespesialiserande
149 liner.
150

151 **7 Haldningar til språk**

152 Vi er ueinige i eit språksyn som er utelukkande instrumentelt. Elevar bør få oppdage at språk ikkje berre er eit
153 kommunikasjonsverktøy, men i like stor grad ein identitetsmarkør og ei kulturmiljø. Dei bør også vere klare over den
154 maktfaktoren språk representerer. Vi ynskjer ei framleis sterk satsing på leselyst og språkglede. Det må også arbeidast med
155 haldningar til nynorsken og dialektane, både hos elevar, lærarar og politikarar som har utdanning som sitt arbeidsfelt.